



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6861 LEIKANGER

Vår ref:

16/2434-11/ FE-131 GED

Dykkar ref.**Dato:**

17.10.2017

Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018 - 2027 - høyringsuttale

Formannskapet- 101/17, har i møte 11.10.2017 fatta følgjande vedtak:

Framlegget til regional transportplan dokumenterer på ein god måte det store behovet for opprusting av vegnettet i Sogn og Fjordane. Staten sine overføringar står ikkje forhold til oppgåvene som må løysast, og Stryn kommune oppfordrar fylkestinget til å øve press på å få auke løyvingar til vegnettet i fylket. Stryn kommune er blant kommunane i fylket med størst auke i turistrfikken. Det er heilt avgjerande for vidare utvikling av denne næringa å ha vegar som er tilrettelagt for alle typar trafikantar. Etterslepet på fylkesvegnettet er stort, og det er heilt avgjerande av omsyn til trafikkavvikling og sikkerheit med raske utbteringar.

Stryn kommune viser til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga, og prioriterar følgjande tiltak:

Gang- og sykkelveg

1. Ny gang- og sykkelveg langs Fv 60, Loen – Solvik, ca 2,0 km
2. Samanhengande gang- og sykkelveg frå Hildastranda til Innvik sentrum, ca 0,8 km
3. Frå eksisterande gang- og sykkelveg ved Skarsteinkaia langs Fv 60 til ende regulert gang- og sykkelveg

Titak på fylkesvegnettet

1. Vegutbetring Fv 60 – Hildaneset - Innvik sentrum, 2,0 km, inkl. utviding av Sydneskrysset
2. Vegutbetring Fv 724 Heimefonna – Yri, 2,8km
3. Vegutbetring Fv 698 Nos – Jevnlid, 1,1 km

Minde utbetringar på fylksvegnettet (flaskehalsutbetringar)

1. Vegutbetring Fv 724 (Heimefonna). Punktutbetring sør for Gåshammaren.
2. Vegutbetring Fv 723 Lodalen (breiddeutviding ved Hamrane og Hogrenning)..

Skredsikring

1. Fv 722 km 5,1-9,0 Flostranda 3,9km.
2. Fv 724 km 10,6-12,2 Kroka/Heimefonna/Sandvika/Bukkesvora.

Adresse

Tonningsgata 4, 6783 STRYN

Telefon

57.87 47 00

Org. nr

963 989 202

E-post

postmottak@stryn.kommune.no

Internett

www.stryn.kommune.no

3. Fv 723 km 11,7-11,8 Merkingsjølet

Stryn kommune er godt nøgd med at rehabilitering av Blaksetunellane er med på oversikta over bunde prosjekt, føresettt finansiert i perioden 2018 – 2021.

Helsing

Geirmund Dvergsdal
plan- og næringssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
101/17	Formannskapet	11.10.2017

Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018 - 2027 - høyringsuttale

Bakgrunn for saka:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til regional transportplan for Sogn og Fjordane (RTP). Planframlegget er sendt på høyring med frist for uttale sett til 30. september 2017. Endeleg vedtak vil bli gjort av fylkestinget 5. desember 2017.

I tillegg til RTP med vedlegg, er også rapporten om framtidig trasé lagt ut til offentleg ettersyn, der ein ber om innspel frå Dalsfjorden og nordover til grensa mot Møre og Romsdal. Fylkesutvalet legg også forslag til gå- og sykkelstrategi ut til offentleg ettersyn.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Plan- og bygningslova
- Regional planstrategi
- Kommunal planstrategi
- Kommunen sin samfunnsdel og arealdel

Ikkje vedlagt sakstfang:

- Høyringsbrev frå SFFK, samferdsleavdelinga
- Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle – KS 026/17

Saksopplysningar:

Oppfølging av handlingsprogrammet 2014 – 2017:

For Stryn kommune er følgjande tiltak utført i inneverande handlingsprogram:

- Fv 60 Olden – Innvik – fullføring av parsell Agjeld – Ugla
- Fv 60 Olden Innvik – parsell Ugla – Skarstein (fullførast 2018)
- Fv 613 Steindøla bru

Tidlegare innspel frå Stryn kommune:



Stryn kommunestyre vedtok kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle- sak KS 026/17. Planen med prioriteringsliste vart oversendt fylkeskommunen i april 2017, som førebels innspel til RTP. For tema;

- rassikring av fylkesvegnettet
- investeringstiltak på fylkesvegnettet
- mindre utbetringar langs fylkesveg
- gang- og sykkelveg

For rassikring vart det vedteke ei prioriteringsliste på 16 punkt, dei tre som står øvst er:

- 1. Fv 722 km 5,1-9,0 Flostranda 3,9km.
- 2. Fv 724 km 10,6-12,2 Kroka/Heimefonna/Sandvika/Bukkesvora.
- 3. Fv 723 km 11,7-11,8 Merkingsjølet.

For øvrige investeringstiltak på fylkesvegnettet prioriterte kommunestyret følgjande tiltak først av totalt 8 tiltak:

- Vegutbetring Fv 60 – Hildaneset - Innvik sentrum, 2,0 km, inkl. utviding av Sydneskrysset
- Vegutbetring Fv 724 Heimefonna – Yri, 2,8km
- Vegutbetring Fv 698 Nos – Jevnlid, 1,1 km

For tiltak knytt til gang- og sykkelveg vart følgjande 3 tiltak først av totalt 10 tiltak:

- 1.Fv 60, Frå Solvik og austover på Fv 60 til eksist. g/s-veg i Loen sentr. 1950
- 2 .Fv 60, Samanhengande g/s-veg frå Hildastranda til Innvik sentrum 800
- 3 .Fv 60, Frå eksist. g/s-veg ved Skarsteinkaia til ende regulert g/s-veg

I tillegg er det tidlegare spelt inn oversikt over «flaskehalsar» på fylkesvegnettet.

Om framlegg til regional transportplan 2018 – 2027

Planen omfattar to dokument;

- eit hovuddokument med mål for alle relevante deler av transportsystemet, og strategiar og tiltak for å nå måla, inkludert økonomiske rammer og prioriteringar
- handlingsprogram 2018 – 2021

Andre høyringsdokument

- Utkast til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane – grunnlagsdokument for RTP 2018 – 2027
- Utgreiing Kystvegen

Revisjon av transportplanen er basert på regional planstrategi 2016 – 2020. I tillegg byggjer revisjonen på eit kunnskapsgrunnlag der heile transportsystemet i Sogn og Fjordane er analysert.

Fylkeskommunen sin visjon for transportpolitikken er er; «Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkjer samfunnet sitt behov og som fremmar regional utvikling»

RTP er delt etter følgjande tema; 1) Fylkesveg, 2) Kollektivtrafikk, 3) Trafikksikkerheit, 4) Næringstransport, 5)Skredsikring, 6) Statleg infrastruktur.

Målbilde som vert trekt opp seier følgjande;

1. Fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane skal vere framkomeleg og sikkert å ferdast på for alle trafikantgrupper.
2. Kollektivtilbodet skal vere godt og tenleg for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane.
3. Eit transportsystem i Sogn og Fjordane som er trafiksikkert for alle trafikantgrupper og som tek vare på barn og unge sine behov.
4. Legge til rette for eit trygt og tilgjengeleg transportsystem som sikrar ein effektiv, føreseieleg og klimavenleg næringstransport.
5. Det offentlege vegnettet skal vere sikra mot skred innan 2040.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal fremje sine regionale interesser inn mot statlege ansvarsområde.
- 7.

Utviklingstrekk og utfordringar

I kunnskapsgrunnlaget til RTP er utviklingstrekk og utfordringar i planperioden analysert . Dei viktigaste utfordringane knytt til transport og transportrelaterte område er;

- Auka folketal på 0,4 % - størst auke i aldersgruppa over 68 år, intern sentralisering i kommunane men demografisk skeivfordeling.
- Sårbart transportsystem med mange rasutsette strekningar, mange tunellar og derav tryggleiksrisiko, sårbart for klimaendringar
- Auka transportbehov som følgje av strukturendringar, auka folketal og mobilitet
- Utvikling av BAS- regionar vil innebere meir pendling- utfordrande m.o.t. dårleg vegstandard, skred, flaskehalsar etc.

Viktigaste strategiar for dei enkelte tema

Fylkesveg

- Funksjoninndelinga skal ligge til grunn for prioritering av drift- og vedlikehaldstiltak og mindre investeringar (Fylkesvegar i Funksjonsklasse C, D, og E skal utbetrast på særleg utsette punkt)

I Stryn kommune har vi vegar i følgjande funksjonsklassar:

- A. Nasjonale hovudvegar: Rv 15
- B. Regionale hovudvegar: Fv 60
- C. Lokale hovudvegar; ingen
- D. Lokale samlevegar: Fv 613/698 (Panoramavegen), Fv 258 (Gamle Strynefjellsvegen), Fv 722 (Flo), Fv 723 (Lodalen), Fv 724 (Oldedalen), Fv 725 (Moldreim)
- E. Lokale tilkomstvegar: Fv 723 (inst i Lodalen), Fv 725 (Moldrheim). Fv 720 (Lokal tilkomstveg Hjelle)

- Gjennomføre plan for rehabilitering av tunellar innan utgangen 2024

Det er i alt 143 tunellar med ei samla lengde på 99,4 km.

- Redusere forfall på bruer, ferjekaier, flaskehalsar i tunellar under 500 m
- Nivå på dekkelegging som reduserer forfallet.
- Rette innsatsen for gåande og syklende inn mot dei største tettstadane og rundt skulande
- Kombinere nye gang- og sykkelvegar med utbetring av dagens tilbod, haldningsskapande

- arbeid og andre ikkje-fysiske tiltak
- Vidareføre sykkelby-avtalen med Førde og Florø
- Gjennomføre vedtekne innsparingstiltak på høgfjellsovergane etter dialog med aktuelle partar
- Utbygging av naudnett i fylkesvegtunellar må vere eit statleg ansvar
- Redusere og eliminere negative konsekvensar av dagens og framtidige klimautfordringar
- Bygge ut eit grunnleggand og samanhengande nett av hurtigladestasjonar på regionale hovudveggar
- Avklare trasé for kystvegen
- Avklart standar på nye utbyggingsprosjekt

Kollektivtrafikk

- Skal vere enkelt å finne informasjon og kjøpe billett
- Kollektivtilbodet skal vere universelt utforma
- At rutetilbodet skal vere marknadsretta og samfunnsnyttig
- Best mogleg tilpassa skuleskysstilbod
- Ta i bruk ny teknologi for klimagassreduksjon som er utvikla og kan takast i bruk
- Stille krav ved nye anbod til klimagassreduksjon

Trafikktrygging

- Fjerne, ufarleggjere, erstatte eller beskytte mot fårer som kan forårsake personskadar eller dødsfall på vegnettet.
- Inkludere barn og unge i planlegginga.

Næringstransport

- Fortsette kartlegging av flaskehalsar på fylkesvegnettet
- Utbetre flaskehalsar på fylkesvegnettet
- Så langt råd legge til rette for godsoverføring frå land til sjø
- Legge til rette for ein meir klimavenleg og effektiv godstransport

Skredsikring

- Auka løyvingar til skredsikring
- Følgjande kriteriar skal, i tillegg til SVV sine berekningsmodellar, leggjast til grunn ved vurdering av skredsikringsbehov; tal innbyggjarar, trafikkmengde, skuleskysbehov og funksjonsinndeling.

Statleg infrastruktur

- Prioritere E39 nord-sør som det viktigaste riksvegprosjektet
- Realisere Rv 15 Strynefjellet snarast råd
- Gjennom god dialog med departementet sikre regionale behov ved anbudsutlysing av flyruter.

Overordna prioriteringar (profil) i RTP

Dei samla behova er langt større enn dei økonomiske rammene. Driftsrammene er definert gjennom økonomiplanen 2017 – 2021, medan investeringane skal prioriterast i eit eige investeringsprogram.

I høyringsframlegget er følgjande profil lagt til grunn:

Drift

Drift og vedlikehald (totalt 2018-2021 kr 1980 mill. + framlegg til auke på 136 mill.)

- a. Tunellvedlikehald
- b. Redusere forfall
- c. Drifte fylkesvegnette på dagens nivå, tilsvarande Rv- nivå

Kollektivtrafikk

- a. Vidareføre eit heilskapleg rutesystem
- b. Klimatiltak
- c. Universell utforming
- d. Marknadstilpassing

Investering

- a. Gjennomføre bundne prosjekt –

For Stryn gjeld dette slutføring av Fv 60 Uгла – Skarstein og utbetring av Blaksettunellane og skredsikring Flovegen – samla investering/ anslag 1300 mill.

- b. Skredsikring
- c. Mindre investeringar
- d. Store investeringar

Planprogram/ prioriteringslister

Prioriteringsliste er sett opp for følgjande område;

Skredsikring; 1- 6 prosjekt

1. Fv 722 Flovegen

Prioritering mindre utbetringar; 1- 18 (Funksjonsklasse B- E)

Ingen prioriterte vegar i Stryn kommune

Prioritering gang- og sykkelvegar; 1 – 9

8. Fv 60 Loen – Rake

Prioritering store prosjekt; 1 – 7

Ingen prosjekt i Stryn kommune

Vurdering:

Framlegg til regional transportplan dokumenterer på ein god måte det store behovet for opprusting av transportnettet i Sogn og Fjordane, til dømes;

- stort etterslep på vedlikehald av vegar og tunellar
- dårleg tilrettelagt for gåande og syklende
- store utfordringar i høve skredsikring og små økonomiske ressursar
- svært mangelfullt naudnett, ingen Fv- tunnelar tilfredsstillar gjeldande krav
- aukande utfordringar knytt til klimaendringar

Det er tydeleggjort at Statens sine overføringar til fylkeskommunen ikkje står i høve til utfordringane.

Det vert ei politisk utfordring å få auka dei statlege rammene.

Utviklinstrekk og utfordringar

Analysane som ligg til grunn dokumenterer på ein god måte dei generelle utviklingstrekk og utfordringane fylket står overfor, spesielt i høve sentralisering, demografi og folketalsutvikling.

Det er vidare positivt at det blir stilt krav ved nye anbudsutlysingar til klimagassreduksjon. Elles er det positivt at det vert lagt opp til lite kutt i rutetilbodet. Utviklinga innanfor reiseliv går mot fleire turistar og lengre sesong. Dette kan gje grunnlag for passasjervekst og mulegheit for å styrka kollektivtilbod. Det kjem også godt fram kva eit effektive transportsystem har å sei for næringsutvikling, samstundes kor sårbare vi er for klimaendringar og konsekvensar dette har for transportssystemet.

Satsing på BAS- regionar som strategi for regionforstørring er rett veg å gå, men fylkesgrensene er ei unaturleg avgrensing for vurderingane når det gjeld Indre Nordfjord.

Fylkesvegnettet

Opprusting av Fv 60 går mot slutten med fullføring av Ugla – Skarstein i 2018, dette er særst positivt. I framlegget til RTP ligg det ikkje inne prioritering av tiltak på nokon av fylkesvegane i kommunen. Trafikktejingar viser at Fv 60 generelt har fått sterkt auka trafikk, der strekninga Olden – Stryn er ein av få lengre strekningar med ÅDT over 1500. Det er grunn til å tru at denne utviklinga vil halde fram når Ugla- Skarstein vert ferdigstilt. I tillegg ser vi att opninga av Loen Skylift har ført til sterk turistvekst i området med over 70 000 besøkande i opningssesongen, det er grunn til å tru at dette talet vil auke. Dette genererer stor trafikk på Fv 60, som i tillegg til ein generell turistvekst fører til stor belastning på Fv 723 til Lodalen og Fv 724 til Oldedalen.

Ei opprusting av Fv 60 mellom Innvik og Stryn er påkravd og då spesielt strekninga Innvik Hildaneset (ca. 2 km), Tyvanestunnellen mellom Olden og Loen og strekninga Rake – Stryn (ca. 6 km). Vidare er det stort behov for breiddeutviding på Fv 724 til Oldedalen, ca. 6 km frå Sandes, og breiddeutviding på Fv 698 Nos – Jevnlid (ca. 1,1 km)

Med tanke på den sterke trafikkauken på deler av fylkesvegnettet i Stryn kommune, er det av omsyn til trafikktryggleik, beredskap og næringsinteressene i kommunen særst viktig å få gjennomført flaskehalsutbetringar. Av flaskehalsar på fylkesvegnettet vil rådmannen trekkje fram mindre utbetringar på Fv 724 til Oldedalen, primært ved Heimstadvonna og Fv 723 til Lodalen ved Hogrenning og ved «Hamrane» langs nordenden av Lodalsvatnet. Av omsyn til den sterkt aukande turisttrafikken på begge desse vegane både med buss og personbil og av omsyn til trafikk knytt til næringsaktiviteten i Oldedalen vil i første omgang mindre punktutbetring gje stor nytteeffekt. Ved minnetavla i Lodalen er det prekært behov for utviding av parkeringsarealet for å unngå at bussar/bobilar som stoppar, hindrar trafikk. Omsyn til beredskap, spesielt i Oldedalen med opp til 3000 turistar på enkeltdagar, tilseier at behovet for utbetring er prekært. Rådmannen vil difor prioritere følgjande fylkesvegstrekingar for mindre (flaskehals) utbetringar:

- Vegutbetring Fv 724 (Heimefonna)
- Vegutbetring Fv 723 Lodalen (breiddeutviding ved Hamrane og Hogrenning)

Gang- og sykkelveg

Det er positivt at gang- og sykkelveg Loen – Rake er med på prioriteringslista. Stryn kommune er blant dei kommunane i fylket med størst auke i turisttrafikken. Med tanke på den sterke trafikkveksten som er registrert på Fv 60 bør dette prosjektet få ei snarleg realisering. Opninga av Det føreligg godkjend reguleringsplan og det er inngått avtale om grunnavståing som gjer at prosjektet

kan detaljplanleggast og gjennomførast raskt.

Ved omlegging/ utbetring av fylkesvegnette bør ein ha ein bevist strategi der utfasa vegnett blir omgjort til gang- og sykkelveg. Dette vil kunne gje betre mulegheit for etter kvart å etablere lengre samanhengande strekningar tilrettelagt for mjuke trafikantar, og legge tilhøva betre til rette for meir miljøvenleg transportløyisingar.

Skredsikring

Stryn kommune er mellom dei kommunane i fylket som har størst uløyste oppgåver når det gjeld skredsikring. Prioriteringslista i trafikktryggleiksplanen på 16 punkt understrekar dette. Det er difor særst positivt at sikring av Fv 722 til Flo er prioritert på 1. plass, og at planarbeidet no er inne i avsluttande fase. Vi legg til grunn at dette prosjektet vert følgt opp med finansiering i 2018 og at byggestart kan skje snarast.

Kommunestyret har gjennom vedtak av trafikktryggleiksplanen gjort følgjande prioritering (1 – 3 av 16 tiltak)

- Fv 722 km 5,1-9,0 Flostranda 3,9km.
- Fv 724 km 10,6-12,2 Kroka/Heimefonna/Sandvika/Bukkesvora.
- Fv 723 km 11,7-11,8 Merkingsjølet.

Tunellar

Det er mange tunellar i fylket som har fri høgd under 4, 2 meter, nokre av desse ligg på Fv 60. Krav gjennom tunnellsikkerhetsfreskrifta med påfølgjande rehabiliteringsplan har gjort at det er sett i gang planarbeid med sikte på å gjennomføre rehabilitering av Blaksetunnellen. Det er avsett midlar til dette prosjektet i perioden 2018- 2021.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til regional transportplan dokumenterer på ein god måte det store behovet for opprusting av vegnettet i Sogn og Fjordane. Staten sine overføringar står ikkje forhold til oppgåvene som må løysast, og Stryn kommune oppfordrar fylkestinget til å øve press på å få auke løyvingar til vegnettet i fylket. Stryn kommune er blant kommunane i fylket med størst auke i turistrafikken. Det er heilt avgjerande for vidare utvikling av denne næringa å ha vegar som er tilrettelagt for alle typar trafikantar. Etterslepet på fylkesvegnettet er stort, og det er heilt avgjerande av omsyn til trafikkavvikling og sikkerheit med raske utbetringar.

Stryn kommune viser til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga, og prioriterar følgjande tiltak:

Gang- og sykkelveg

1. Ny gang- og sykkelveg langs Fv 60, Loen – Solvik, ca 2,0 km
2. Samanhengande gang- og sykkelveg frå Hildastranda til Innvik sentrum, ca 0,8 km
3. Frå eksisterande gang- og sykkelveg ved Skarsteinkaia langs Fv 60 til ende regulert gang- og sykkelveg

Titak på fylkesvegnettet

1. Vegutbetring Fv 60 – Hildaneset - Innvik sentrum, 2,0 km, inkl. utviding av Sydnescrysset
2. Vegutbetring Fv 724 Heimefonna – Yri, 2,8km
3. Vegutbetring Fv 698 Nos – Jevnlid, 1,1 km

Minde utbetringar på fylksvegnettet (flaskehalsutbetringar)

1. Vegutbetring Fv 724 (Heimefonna)
2. Vegutbetring Fv 723 Lodalen (breiddeutviding ved Hamrane og Hogrenning)

Skredsikring

1. Fv 722 km 5,1-9,0 Flostranda 3,9km.
2. Fv 724 km 10,6-12,2 Kroka/Heimefonna/Sandvika/Bukkesvora.
3. Fv 723 km 11,7-11,8 Merkingsjølet

Stryn kommune er godt nøgd med at rehabilitering av Blaksetunellane er med på oversikta over bunde prosjekt, føresett finansiert i perioden 2018 – 2021.

Formannskapet 11.10.2017:

Handsaming:

Tillegg frå Per Kjøllesdal under punkt Utbetring: Tillegg til punkt 1. Punktutbetring sør for Gåshammaren.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt frå Per Kjøllesdal, samrøystes vedteke.

FO- 101/17 Vedtak:

Framlegget til regional transportplan dokumenterer på ein god måte det store behovet for opprusting av vegnettet i Sogn og Fjordane. Staten sine overføringar står ikkje forhold til oppgåvene som må løysast, og Stryn kommune oppfordrar fylkestinget til å øve press på å få auke løyvingar til vegnettet i fylket. Stryn kommune er blant kommunane i fylket med størst auke i turistrafikken. Det er heilt avgjerande for vidare utvikling av denne næringa å ha vegar som er tilrettelagt for alle typar trafikantar. Etterslepet på fylkesvegnettet er stort, og det er heilt avgjerande av omsyn til trafikkavvikling og sikkerheit med raske utbteringar.

Stryn kommune viser til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga, og prioriterar følgjande tiltak:

Gang- og sykkelveg

1. Ny gang- og sykkelveg langs Fv 60, Loen – Solvik, ca 2,0 km
2. Samanhengande gang- og sykkelveg frå Hildastranda til Innvik sentrum, ca 0,8 km
3. Frå eksisterande gang- og sykkelveg ved Skarsteinkaia langs Fv 60 til ende regulert gang- og sykkelveg

Titak på fylkesvegnettet

1. Vegutbetring Fv 60 – Hildaneset - Innvik sentrum, 2,0 km, inkl. utviding av Sydneskrysset
2. Vegutbetring Fv 724 Heimefonna – Yri, 2,8km
3. Vegutbetring Fv 698 Nos – Jevnlid, 1,1 km

Minde utbetringar på fylkesvegnettet (flaskehalsutbetringar)

1. Vegutbetring Fv 724 (Heimefonna). Punktutbetring sør for Gåshammaren.
2. Vegutbetring Fv 723 Lodalen (breiddeutviding ved Hamrane og Hogrenning)..

Skredsikring

1. Fv 722 km 5,1-9,0 Flostranda 3,9km.
2. Fv 724 km 10,6-12,2 Kroka/Heimefonna/Sandvika/Bukkesvora.
3. Fv 723 km 11,7-11,8 Merkingsjølet

Stryn kommune er godt nøgd med at rehabilitering av Blaksetunellane er med på oversikta over bunde prosjekt, føresett finansiert i perioden 2018 – 2021.